

Rapportering om tilskot til kompetanse og innovasjon på statsbudsjettet kap. 0761 post 68

INFORMASJON OM MOTTAKAR

- Søknaden må alltid ha éin mottakar som har ansvaret sjølv om fleire samarbeider om prosjektet. Dersom fleire verksemder eller organisasjonar har samarbeidd, skal de forklare kven de har samarbeidd med og kva samarbeidet går ut på.
- Med prosjektet forstår ein i skjemaet både prosjekt, tiltak eller aktivitetar som det blir gitt tilskot til.

Skjema er utfyllt av

Førenamn	Anne Marie
Etternamn	Halleraker
Tittel	Fagleiar

Organisasjonsnummer Organisasjonsnummeret må vere basert på ei juridisk eining.	951996777
--	-----------

Organisasjonsnamn Organisasjonsnamnet må vere identisk med einskapsregisteret i Brønnøysundregistrene	Fjell kommune
--	---------------

Adresse	Pb.184
---------	--------

Postnr./-stad	5342 Straume
---------------	--------------

Organisasjonsform	Offentleg verksemd
-------------------	--------------------

E-postadresse Postmottak/ offisiell e-postadresse til søkjar	posmottak@Fjell.Kommune.no
---	----------------------------

Webadresse	www.fjell.kommune.no
------------	----------------------

Kommunennummer Berre for kommunar	1246
--------------------------------------	------

Kontonummer	85801408600
-------------	-------------

Kontaktperson

Gje opp minst éin person som kan bli kontakta dersom vi har spørsmål om rapporteringa.

Førenamn	Anne Marie
----------	------------

Etternamn	Halleraker
-----------	------------

Telefonnummer	55097159 / 92483152
---------------	---------------------

E-postadresse	Anne.Halleraker@fjell.kommune.no
---------------	----------------------------------

Førenamn	Janne
Etternamn	Mo
Telefonnummer	55 09 71 52
E-postadresse	Janne.mo@fjell.kommune.no

Samarbeidspartnarar i prosjektet

Prosjektet blir utført i samarbeid med andre verksemder

Gje informasjon om alle andre verksemder eller organisasjonar de samarbeider med om prosjektet.

- Fjell Frivilligsentral
- Norconsult
- Turbuss Vest
- Skyss
- Eldreråd i kommunane
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunane
- AKTIV+, TREFF+ , AKTIVITET 365 og Tysdag på Gjerdet – ulike opne aktivitets- og kulturtilbod for seniorar i Fjell
- Østfold fylkeskommune «FLEXX - Frihet til å reise
- Drosjenæring
- Sund Kommune og Øygarden kommune – interkommunalt samarbeid
- Administrativt og politisk nivå i kommunane

Dei ulike aktørane er invitert inn til ulike formar for samarbeid når det gjeld kartlegging av transportbehov, informasjonsspreiing om nye transportordningar og praktisk gjennomføring av prosjekt for å nå oppsette mål.

TILSKOTSORDNING

- Tilskotsbrevet inneheld krav til rapportering
- Rapporteringa kan de utdjupe i eit eller fleire vedlegg, dersom det er naudsynt

Tilskotsordning

Kommunal kompetanse og innovasjon

Året de rapporterer for 2016

Rapporteringsperiode

Årsrapport (for prosjekt som er planlagd vidareført)

Sluttrapport (avslutta prosjekt)

Kopi av sluttrapporten skal også sendast til Senter for omsorgsforskning øst, Høgskolen i Gjøvik, Postboks 191, 2802 Gjøvik

Fylkesmannen sin referanse

Saksnummer, merka "vår referanse" i det siste brevet de tok mot under denne ordninga.

2016/1289 730

1. Rapportering på kompetansetiltak

Dette skal rapporterast på eige skjema (Fylkesmannen sender ut eige rapporteringsskjema til kommunane i tråd med rapporteringsskjema som fylkesmannen sender til Helsedirektoratet)

2. Rapportering opplæringstilskot knytt til brukarstyrt personleg assistanse

- Antall arbeidsleiarar som har gjennomført opplæring:
- Antall saksbehandlarar som har gjennomført opplæring:
- Antall assistentar som har gjennomført opplæring:

3. RAPPORTERING PÅ MÅLOPPNÅING - INNOVASJONSPROSJEKT

Tema for prosjektet det blir rapportert på:

- x Førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring
- x Habilitering og rehabilitering
- Velferdsteknologiske løysingar
- x Samspel med pårørande og frivillige
- x Aktivitet og kultur
- Anna

Tittel for prosjektet

«Reise når eg vil»

Fleksible og trygge transportordningar er ein nøkkelfaktor for å styrkja eldre sin moglegheit for kvardagsmestring og for sjølv klara å oppretthalda trivsel og aktivitet i kvardagen. Skal kommunal satsing lukkast innan tema som eigenmestring, kvardagsrehabilitering og samhandling med frivillige/pårørande/private aktørar om ulike aktivitets-, kultur- og handletilbod, vurderar vi at det er naudsynt med nye innovative og fleksible transportløysingar.

Statusrapportering på kriteria for å nå måla - halvvegs i prosjektperioden.

Kortsiktige mål som er oppnådd så langt i prosjektet:

Vi har fått oversikt over mogleg transportbehov blant heimebuande eldre i kommunane, og har innhenta meir kunnskap om transportordningar som kan tilpassast kommunane i Vest. Ut frå tidlegare innsendt søknad og framdriftsplan, har vi arbeidd med kartlegging av behov for transport for målgruppa eldre, samt gjort kostnadsoverslag over kommunale transportutgifter til ulike brukargrupper i dag – unge som eldre. Det vart tidleg i prosjektet bestemt at kartlegginga vart gjort i Fjell kommune i første omgang.

Behovet tenkjer vi vil vera likelydande i Sund og Øygarden kommunar.

Tiltak som har ført til at kortsiktige mål er oppnådd:

- Planavdelinga i Fjell har gjennomført ei intern kartlegging i Fjell om kostnader i alle einingar knytt til transport av passasjerar. Kostnadsoverslaget vert vurdert å ha overføringsverdi til nabokommunane. Med bakgrunn i stipulerte kostnader knytt til kommunal transport i dag, vil kommunane kunne sjå nærare på grunnlag for eit framtidig samarbeid med Skyss og Hordaland fylkeskommune om eit større prosjekt knytt til meir fleksible transportordningar. Ved tildeling av nye konsesjonar i 2019 for region Vest vil det vera viktig at kommunane vert involvert i anbudsprosessen.. Arbeidet vil fortsetja i 2017.
- Det er gjennomført eit større interkommunalt transportseminar i Fjell kommune 14. okt. 2016 - «REISE NÅR DU VIL» (sjå program vedlagt)
Seminaret sette behovet for fleksible transportordningar innan offentleg tenestetilbod, spesielt knytt til helse- og omsorgstenestene på dagsorden. Seminaret vart arrangert av Fjell kommune, i samarbeid med kommunane Sund og Øygarden. Målgruppa for seminaret var politisk og administrativ leing i kommunane, andre politikarar, eldreråda, dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne, kommunalt tilsette som har ansvar for å leggje til rette for transporttenester til alle brukargruppe (helse, omsorg, skule, barnehage med meir), samferdselsavdelinga hos Hordaland fylkeskommune og transportnæringa i regionen. Tilbakemeldingane på seminaret frå inviterte partar var svært gode og interessa for eit framtidig samarbeid med Skyss og Østfold fylkeskommune kom tydeleg fram. Arbeidet vil fortsetja i 2017.
- Det er gjennomført brukarundersøkingar knytt til bruk eller framtidig bruk av servicebuss / bestillingsbuss i kommunen for 3 målgrupper:
 - Kartlegging av dei som har vore brukarar av servicebuss i Fjell
 - Kartlegging av potensielle brukarar som kunne hatt nytte av tilbodet (heimebuande eldre med hjelp frå heimetenester)
 - Kartlegging av spreke eldre som i dag kjører bil eller nyttar andre transportmiddel, men som kan være brukarar av tilbodet i framtida.Utvikling av intervjuguidar og evaluering av gjennomførte kartleggingar er utført av Norconsult, i samarbeid med kommunalt tilsette og frivillige aktørar. Resultat frå undersøkinga ligg vedlagt denne rapporten og vil nyttast i vidare i 2017 ved tilpassing av bestillingsruter og marknadsføring av tilbod i kommunen.
- Realisering av pilotprosjekt for å kartleggja bruk / betalingsvilje av bestillingsbuss knytt til eit handle- og kulturarrangement på Sartor Storsenter for yngre/ eldre seniorar, starta opp allereie 08.09.16. I tilbodet inngår det moglegheit for å få frivillig senterguide for handling og sjåførar som hjelper til med varer og evt. hjelpemidlar. Fleire tilsette har delteke i prosjektet, saman med Turbuss Vest, og har teke hand om bestillingsordning, transport og marknadsføring. Over 2000 brosjyrar er delt ut i kommunen og i 2017 vil det gjennomførast systematiske informasjonskampanjar for å auke tal på dei som nyttar transportordninga.

Vi er kjend med erfaringar frå Østfold fylkeskommune, der det vert vektlagt at det tek tid å endra vaner og gjera nye ordningar kjende. Vi vurderer at kartleggingsperioden må minimum vara ut prosjektperioden (31.12.17), dersom vi ved sluttrapportering av prosjekt skal kunne svara nærare på bruk/ betalingsvilje for nye transportløyisingar og

kunne vurdere i kva grad vi ser kvalitative og økonomiske gevinstar for brukarar og kommune.

Skriv kva resultatata tyder for praksis:

Resultata i prosjektet så langt viser at eldre ønskjer å ha fleksible og meir tilpassa transportordningar og det er ei tydeleg interesse for vidare interkommunalt samarbeid for å få til nye transportordningar for regionen generelt . I kva grad eldre innbyggjarar faktisk brukar og vil betala for nye fleksible transportordningar, vil vi ha større grunnlag for å uttala oss om ved utgang av år 2017.

REKNESKAP FOR INNOVASJONSPROSJEKT

Rekneskap

- Skriv inn rekneskapsførte inntekter og utgifter for prosjektet for året
- Skriv alle beløp i heile kroner.

Inntekter

Tilskotsbeløp frå Fylkesmannen 750 000

Utgifter

- Gje opp rekneskapstall for prosjektet på følgjande utgiftskategoriar. Legg ved relevante rekneskapsrapportar som følgjer dykkar inndeling i rekneskapen
- Middel som er ubrukte og satt i bundne fond eller på interimskonti, skal ikkje førast som rekneskapsførte utgifter

1. Lønnsutgifter med sosiale utgifter	243 295
2. Reiseutgifter, arrangement, møte, konferansar	
3. Konsulenttenester	179 691
4. Trykking, publikasjonar, kunngjeringar, utsending og distribusjonskostnader	15 499
5. Investeringar/ inventar/ utstyr Kontroller i kunngjeringa om det blir gitt tilskot til dette.	
6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester inkludert lokale og energi	Konferanselokaler / kontor
7. Andre utgifter / Spesifiser (600,- kr per time)	
o 40 t – intern kartlegging planavd. (24 000)	
o 30 t – internt arbeid – brosjyrer (18 000)	
o Trykking 2000 brosjyrer (a 15,-kr - 30 000)	
Kroner	72 000

Sum utgifter 510 485

Netto 500 000,- kr

Ubrukt tilskot på rapporteringstidspunktet.

Godkjent overført til 2017/ Svar frå Fylkesmann 21.12.2016

Informasjon om andre inntektskjelder

Når fylkesmannen skal ta stilling til rapporteringa på tilskot, treng vi informasjon om andre inntektskjelder i prosjektet.

Inntekter frå andre kjelder/ statlege prosjekt

Skriv ned dei som har medverka til finansieringa, beskriv finansieringa og beløp.

Eigenfinansiering

Gjer greie for kor stor eigenfinansiering, stillingsressurs eller frivillig innsats som er lagt inn i prosjektet frå eigen verksemd.

Kommunen si eigendel viser i rekneskap = > 50 %.

REVISORUTSEGN

Kryss av for eit av alternativa

- Revisorutsegn ligg føre utan merknader
- Revisorutsegn ligg føre med merknader
- I tilskotsbrevet er det ikkje krav om revisorutsegn
- x Revisorutsegn manglar (rapporteringa er ufullstendig)

Kommentar til revisorutsegna

Kommunen var ikkje klar over at det skulle vera revisorgodkjenning midt i prosjektperioden. Vi beklagar dette, men sender no årsrapporteringa til revisorselskap og vil ettersende revisorutsegn så snart den er klar.

Vedlegg

- Rapporteringa kan utdjupast i eit eller fleire vedlegg dersom det er naudsynt
- Signert revisorutsegn som er skanna og lasta opp elektronisk, blir godteke

- Revisorutsegn
- x Rekneskapsrapportar
- x Tilleggsinformasjon til rapporteringa

Kommentar til vedlegg

- Signert rekneskapsrapport
- Signert konteringsliste
- Sluttevaluering frå Norconsult
- Program for Transportseminar

GODKJENNING

- For kommunar og fylkeskommunar skal rapporteringa vere godkjent av rådmannen eller den som rådmannen har delegert mynde til
- Signert skjema som er skanna og lasta opp elektronisk, blir godteke

Den som godkjenner skal:

- Kjenne til vilkåra og krava i tilskotsbrevet
- Stadfeste at opplysningane i rapporteringa er korrekte og gir eit godt grunnlag for vurdering av om måla for statstilskotet er nådde.

Dato

27.02.16

Signatur

Tittel/ rolla til den som godkjenner

Omsorgssjef Line Barmen